

**Saksframlegg til sak 3/14:**

**Val av styre 2014-2015 til  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS**

**Forslag til samråystes vedtak:**

Representantskapet vedtok samråystes innstillinga frå valnemna og oppnemner Håkon Matre til ny styreleiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS, og Arnhild Kjellevold og Kari Utkilen til medlem med Leif Taule som 1. vara og Ole Lysø som 2. vara.

Honorar vert sett til kr. 25 000,- for styreleiar og kr. 10 000,- for medlem og kr. 1 500,- som møtehonorar for vara. Reiseutgifter vert dekka etter statens regulativ.

Honorar for leiar av Regionrådet vert sett til 5% av startlønna til stortingrepresentantar.

**Saksutgreiing:**

- Viser til Representantskapsmøte mandag 9. desember 2013 sak 11/13. Det kom fram i møtet at endringar i selskapsavtalen må godkjennast av alle medlemskommunane (§12-1) grunna at ein no går bort i frå å velja blant rådmenn (§5). Representantskapet utsette derfor saka og skulle handsama dette i ekstraordinært Representantskap så fort som mogeleg.
- Viser vidare til sak frå NUI - felles saksutgreiing til alle kommunane datert 21.02.2014 «Hastesak vedr. endring av selskapsavtale Nordhordland Utviklingsselskap IKS grunna endring av §5 styret».
- Saka har no vore til handsaming i alle kommunane. Alle kommunane har følgt innstillinga i felles saksutgreiing frå styret i NUI

Saksframlegg sendt kommunane i skriv datert 21. januar 2013.

**Forslag til kommunestyrevedtak**

Kommunestyret godkjenner endringane i §5 STYRET i selskapsavtalen til Nordhordland Utviklingsselskap IKS slik styret og Representantskapet i NUI føreslår. §5 blir dermed slik:

**§5 STYRET**

5-1 Styret består av tre medlem og to varamedlem.

5-2 Styret vert valde av Representantskapet for to år om gongen. Representantskapet vel leiar og nestleiar.

5-3 Dagleg leiar kan ikkje veljast til styret.

5-4 Kvart styremedlem har ei røyst. Styret kan ta avgjerder når minst to av medlemene er til stades.

5-5 Styret forvaltar selskapet og skal sjå til at verksemda vert drive i samsvar med føremålet, selskapsavtalen, årsbudsjettet, andre retningslinjer og vedtak gjort av representantskapet. Styret sine oppgåver går fram av lova om interkommunale selskap.

Grunna at det generelt er viktig å få på plass det nye styret, og spesielt at det hastar i forhold til framdrift med ulike prosessar vedr. Region- og helsehus tilrar me at Representantskapet godkjenner nytt styre og styrehonorar samt honorar til Regionrådsleiar slik valnemnda la fram for Representantskapsmøte 9. desember og iht. protokoll frå møtet sak 11/13.

*«Leiar av valnemnda Reidun Halland la fram forslag til nytt styre og honorar til styret. Valnemnda føreslo Håkon Matre til ny styreleiar, og Arnhild Kjellevold og Kari Utkilen til medlem. Vidare Leif Taule som 1. vara og Ole Lysø som 2. vara. Honorar var føreslått til kr. 25 000,- for styreleiar og kr. 10 000,- for medlem og kr. 1 500,- som møtehonorar for vara.»*

*Honorar for leiar av Regionrådet var foreslått sett til 5% av startlønna til stortingsrepresentantar. Ein vil då ha ein fast regulert sum å halda seg til.*

Sidan saka enno ikkje har vore formelt handsama hos kommunane Fedje og Modalen tilrår me at vedtaket vert fatta med forbehold om at ein ikkje mottek innvendingar frå handsaminga i kommunestyra i desse to kommunane.